

# KYRKJEBLAD

52. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 5/98

Sommarstid er stemnetid. I dette nummeret av kyrkjebladet vil du finna referat i frå 3 slike stemne.

På side 4 og 5 kan du lesa om Bergsdalsstemnet som er 125 år i år.

På biletet til høgre kosar folk seg på Fitjavassstemnet. Det kan du lesa om side 10 og 11.

På side 12 og 13 kan du lesa om Dalastemnet på fjellet mellom Eksingedalen og Modalen.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



På side 3 kan du lesa intervju med påtroppande generalsekretær i Norges Kristelege Student og Skoleungdomslag, Kåre Rune Hauge.

Glimt frå Farne tider og stoff om Søndagsskulens Dag 1998 finn du side 6.

På side 7, 8 og 9 kan du lesa kva dei som var på speidarleir på Jæren gjorde på.



Side 15 finn du omtale av to konsertar som skal vera i Dale og Vaksdal kyrkjer i haust.

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan 16. september 1998. Bladet kjem ut i veke 42 som byrjar med 12. oktober.

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5280 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 20

Fax 56 59 89 46

**Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30**

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20

Tlf. privat 56 59 73 15

**Kapellan Bård-Egil Dyrhol**

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88

Mobiltilf. 94 55 12 87

**Kyrkjevevje Svein Tøsse,**

Heradshuset 4. etasje

Tlf. kontor 56 59 44 54

Mobiltilf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar:

Ragnvald Kringlebotten,

5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar:

Asle Georg Karlsen, Boge,

5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S,

5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5280 Dalekvam.

**KYRKJESTADEN****DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sals for:

kr. 150,-

hjá Petersen & Ypsøy og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå Kyrkjekontoret, Boks 113, 5280 Dalekvam. Tlf. 56 59 61 20

**Bibelkonkurransen**

Vinnarane av Dale sokneråd sin bibelkonkurransen på Daledagane vart:

**1. Eirin Skafttun**, som fekk eit gåvekort hjå Petersen & Ypsøy AS på kr. 200,-

**2. Helen Lunde Stamnes**

**3. Kari M. Angeltveit**

Dei to siste fekk kvar sitt eksemplar av jubileumboka om Dale som kyrkjestad.

Me gratulerer vinnarane som har fått premiane sine.

**Hordalandsaksjon for NLA**

Søndag 27. september vert det Hordalandsaksjon for NLA. Den siste søndagen i september har i fleire år vore ein stor markeringsdag for NLA i kyrkjer og bedehus.

Det er i år 30 år sidan det heile starta i Johannes kyrkjelydshus i Bergen før ein flytta til nye lokale i Amalie Skrams veg.

Sidan er det vorte utvida med lærarhøgskule på Breistein, og neste haust starta førskulelærerutdanninga opp på Breistein.

I Vaksdal vert det markert i Stamnes og Nesheim kyrkje kl. 11 og i Vaksdal og Stanghelle bedhus om ettermiddagen.

Sjå elles oppslag.

**KAN DU LYTTA?**

Kirkens SOS treng fleire frivillege telefonmedarbeidarar.

Du må vera over 22 år og du må kunna lytta meir enn du snakkar sjølv.

Du får opplæring og vegleing så lenge du er i tenesta.

Velkomen til eit svært godt arbeidsmiljø og ei utfordrande og meningsfull teneste!

Ring tlf. 55 32 58 45 på dagtid.

**KIRKENS SOS**

Tlf. 815 33 300

Døgnope

## Skuleungdommen er heile Kristen-Noreg sitt ansvar.

**-Både foreiningar og sokneråd burde seia: No prioriterer du eller de skulelaget ei stund framover. Dei treng vår hjelp.**

Det er den nye generalsekretæren i Norges Kristelige Student- og Skuleungdomslag, Kåre Rune Hauge, som kjem med denne utfordringa i eit intervju med Kristeleg Pressekontor (KPK). Han skal frå nyttår av leia ein organisasjon som har elevar og studentar ved skular og høgskular som sitt spesielle område. Men dette arbeidsområdet meiner han er heile Kristen-Noreg sitt ansvar.

-Ikkje alle går i kyrkja, men alle går på skulen, er slagordet organisasjonen brukar for å få fram at dei er der folket, det vil sei dei unge, er

### 250 lag

NKSS, eller Laget som organisasjonen vert kalla, har no 250 lag på ungdomsskular og vidaregåande skular og 50 studentlag. Det vil seia at dei fleste universiteta og høgskulane har eit kristeleg studentlag, men berre ca. 25% av ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane. Det er mindre enn i 70-åra


-Det burde vera mogeleg å få fleire ved felles innsats. Men om det skal lukkast, må vaksne kristne på staden vera villig til å ta ansvar som vaksenleiarar, seier Hauge.

Det har skjedd store endringar i lagsarbeidet på skulane dei siste 20-30 åra. På ungdomsskular og vidaregåande skular er arbeidet mest konsentrert om ei andakt i store fri, mens kveldsmøta tidlegare utgjorde ei viktig samling. Men det har også skjedd ei anna viktig endring i ungdomsarbeidet. Både dei kristene or-

ganisasjonane, Den Norske Kyrkja og frikyrkjesamfunna har mykje fleire arrangement på kveldstid for ungdom enn før. Med dette som bakgrunn spør Hauge om ikkje det tydar at lagsarbeidet ikkje er så viktig lenger, ungdommen har andre tilbod?

-Det finst andre tilbod, men spørsmålet er jo om dei når ut. Det er her Laget har den føremon at dei har eit tilbod på skulane, der dei unge er, seier Kåre Rune Hauge.

(KPK)



Me er opne for å vurdere arbeidsstil og metodar, men me er trygg på at solid, evangelisk kristendom framleis kan nå det moderne mennesket, seier påtroppande generalsekretær i Laget, Kåre Rune Hauge.

KPK:Foto



## Bergsdalsstemna 125 år

Søndag 9. august vart den tradisjonelle Bergsdalsstemna skipa til i kyrkja på Lid. I år er det 125 år sidan det heile starta. Den gongen heitte det «Rødlandstemna». Me vil ta med litt frå skriftet Knut Rødland skreiv til 100-årsjubileet i 1973.

«Det var vel ikkje rett å kalla fyrste samankomsten på Rødland for noko stemne. Det var Askel Rødland som etter samtalar med stølafolket kring Hamlagrøvatnet og folket i dalen ynskte å koma saman um Guds ord ein gong sumarsdagen. Dei valde fyrste sundagen i august, og slik vart det seinare.

Møtedagen vart ikkje utlyst på annan måte enn at dagen var fast og årviss. Var det fint ver, heldt dei møte ute. Var det regn, heldt dei til i lå som vart nybygd i 1875.

Frå fyrst av vart ikkje nokon særleg talar tinga til å koma på stemna. Ein tok sikte på eigne krefter. Song og musikk var det mykje av. Dale song- og musikklag sette ein eigen dåm og glans over samkomene, og takk skal dei har for det.

På ei stemne der det ikkje var tinga nokon særskild talar, opnar far møtet og spurde um det var nokon som vilde halda talen for dagen. Då reiste ein mann seg og gjekk fram til

far. Han sa han heitte Ludvig Hope. So dei vart hjelpte det året óg. Elles var Brandtzæg, Nils Lavik, Anker Goli, Nils Valland og fleire andre med som talarar.

Då me i 1955 fekk vår eiga kyrkje i Bergsdalen, fall det naturleg å leggja stemnet til kyrkja med soknerådet som tilskipar».

## Den gode hus- Kammer- haldar konsert

Bård-Egil Dyrhol preika på stemnet i 1998 over teksten frå Luk. 12 om den gode hushaldar.

-Det er ei utfordrande tekst me har i dag, sa Dyrhol. Kva er rett. Dess meir me eig, dess meir ansvar kviler det på oss. Ein hushaldar var ein slave som skulle forvalta det eigaren har gjeve han til beste for dei andre og seg sjølv.

Ein hushaldar må ikkje gløyma at han er ein forvaltar og ikkje eigar. Han skal ikkje ta seg til rette, men hjelpa dei andre.

Jesus er Herre, me er tenarar. Me har fått i oppgåve å forvalta og for-

midla evangeliet, den glade bodskap til andre rundt oss.

Me har óg fått i oppgåve å ta vare på naturen rundt oss til beste for alle.

Gud vil at rikdomane på jorda skal koma alle til gode. Då er spørsmålet om me forvaltar både naturrikdomane rundt oss og evangeliet til beste for alle, avslutta Dyrhol.

Etter at me hadde fått i oss dravle og anna mat samlast me i kyrkja til ein kammerkonsert med Tone Synnøve Øygard Steinkopf på piano og blokkfløyte, Olav Arne Steinkopf på orgel og piano og Ragnar Takvam på fiolin.

Dei framførde verk av Bach, Locillet, Händel, Gossec, Gretry, Dvorák, Grieg, Schubert, Peterson-Berger, Woodhouse og Morricone.

Det var ei fin oppleving å sitja og høyra dei fine tonane. Det var nesten så ein måtte sitja på hendene sine for ikkje å klappa etter kvart nummer. Men etter at konserten var avslutta med Gabriel's Obo og allsongen «Jag kan icke räkna dem alla» av Lina Sandell, kunne endeleg jubelen sleppast laus. Og det var ein vel fortent applaus til dei dyktige musikarane.


Stemnedagen vart så avslutta med at ordet vart gjeve fritt ei lita stund.

**Ragnvald Kringlebotten**

Olav Arne Steinkopf, fv., Tone Synnøve Ø. Steinkopf og Ragnar Takvam sytte for fin konsert under Bergsdalsstemnet.

Foto: Ragnvald Kringlebotten





Nokre av dei som var med ved gudstenesta under Bergsdalsstemnet.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Stemneflokken samla på kyrkjetrappa etter gudstenesta.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

## Frå farne tider

Sidan det snart er søndagsskulens Dag på Stamnes tek me med litt frå eit stykke om Straume søndagsskule som stod i kyrkjebladet i september 1979.

Dei heldt til i det som alle på Straume kallar «storstova». Dei minste kalla det søndagsskulehuset heiter det i stykket. Det var barn frå Vik og Straume. Dei fekk diplom for kvar gong dei hadde vore 10 gonger på søndagsskulen.

Leiarar var Oddveig og Magne Straume.

På biletet under er søndagsskuleflokken på Straume samla i «Storstova» i september 1979.

## Søndags- skulens Dag

I år skal Søndagsskulens Dag vera på Stamnes. Det heile tek til med famili gudsteneste kl. 11, søndag 6. september

Etter gudstenesta vert det matøkt der ein kan få kjøpa kaffi, te og brus til medbrakt mat.

Elles vert det leikar for barn og vaksne før det heile vert avslutta med ei ettermiddagssamling.

Så set av den dagen og ta turen til Stamnes kyrkje og bedehus

## Jesus elsker

Jesus elsker alle borna ,  
alle borna på vår jord.  
Raud og gul og kvit og svart,  
er det same har han sagt,  
Jesus elsker alle borna  
på vår jord.

George Fr. Root

## Liten eller stor

Om eg er liten eller stor,  
så er det best for meg på jord,  
å høyra Jesus til,  
og gå den veg han vil,  
det er det som  
gjer meg lukkeleg



*Straume søndagsskule*

## SPEIDARLEIR I OPE LANDSKAP

### Fredag 3.juli:

Avreisedag. Det var lenge sidan me frivillig hadde stått opp så tidlig. 7 dagar med leir låg framfor oss, og bussen skulle snart frakte oss til årets store «Happening»; Landsleiren på Jæren 1998. Aldri før har så mange speidarjenter frå Vaksdal dratt på leir. Me var 19 jenter mellom 3 og 30 år. Og så reiste det to KFUM-leiarar med oss på «leirkurs».

Etter ein lang busstur nådde me endeleg målet vårt, Hå kommune. Og aldri har eit leirmotto passa betre. **I åpent landskap.** Alt me såg i horisonen var åkrar og hav.

Me reiste leiren vår på null komma svisj, og alle telte var oppe så me kunne krypa i ly då regnet kom, og vinden sette i for fullt utpå kvelden.

**Laurdag 4. juli:** Den første offisielle leirdagen. I dag skulle heile leiren byggast, og vere ferdig før opningsleirbålet. Dette var for så vidt ein våt og kald affære! Men ein speidar har godt humør, og litt regn frå eller til, kva gjer vel det? På leirbålet hadde me blandt anna besøk av Barne- og Familieminister Valgerd Svarstad Haugland og Barneombod Trond Våge. Og på dette fyrste leirbålet lærte me leirsangen:

### *I Åpent Landskap*

*Sommer, det er sommer, hit til Hå vi kommer, små og store vi er ikke få!*

*Jærens strender yldrer, over alt det myldrer;*

*Blå og brune skjorter har vi på.  
For vi er K og M, her er vårt sommerhjem, vi skal på leir med super vri.*

*Så ingen lengter hjem, en leir med kjempeklem, det blir et festfyrverkeri.*

*Vi skal ha fellesskap og vennskap, og som vårt motto skal det stå:*

*I åpent landskap leves landsleiren på Hå!*

*Ja vi er M og K med skjurf og skjorter på, og vi er vant til å ta i.*

*Vi sier vær beredt og slutter ringen tett, for vi er full av energi.*

*Ja alle yter sitt og gir litt, og alle trives bedre da.*

*I åpent landskap gir vi alt og har det bra!*

*Sommer, det er sommer.....*

*For her er ståk og støy, og vi har mye gøy, men også stillhet har verdi.*

*For om det blåser titt, og vårt program er stridt, så trenger vi å ta litt tid*

*Til å få tenke og fundere på det som Gud vil nettopp meg.*

*I åpent landskap viser han den rette veg.*

*I åpent landskap viser han den rette veg!*

### Sundag 5. juli:

Opningsgudstenesta var kjempebra, og «leirbiskopen» vår prata om å vere open for Gud, både på leiren og i kvardagen. Sakkeus og «Lille Adam» var hovudpersonar, og dei gjekk igjen i fleire av bibeltimane.

Etter lunsjen var det Misjonsmarknad, og her samla me inn ca. 60'000 kroner til KFUK og -M sitt misjonsselskap, Ungdomsmisjonen, på Madagaskar. På marknaden hadde Vaksdal 1 bowling, og Dale 1 selde rosa og grønne pannekaker. Nokre selde turar i ein sjølvлага karusell, nokre hadde «diskotek» og andre sal av stein frå treningsbana til brødrene Flo, eller sal av klemmar. Så der var alt frå spøkelsestelt til englevakt, via sminking og hårklipp. Noko for ein kvar smak!

Denne dagen var det og Samfunnsspel for dei eldste speidarane, RR'ane. (RR står for Ranger/Rover, og er namnet på speidarane med burgunder sjal.) Idèen var kjempebra, men utførelsen var heller dårlig. Men trass i veret og vanskelighetsgraden på spelet, trur me som sto postvaktar at dei aller aller fleste deltakande lag mora seg under løpet. Sjølv om det vart seint før dei siste kom attende til leiren og fekk krypa i soveposane...

**Måndag 6. juli:** Dagen byrja, som vanleg, med flaggheising. Om ikkje på minuttet klokka 8, som det stod i programmet, så i alle fall før inspeksjonen. Denne dagen var det stjerneløp og draagebygging som stod for tur. På stjerneløpet var det om å gjere for patruljane å samle mest mogeleg poeng på forskjellige postar rundt om i underleiren i løpet av fire timar. Dei tre beste laga vart premierte på underleirbålet om kvelden.

*Forts. side 8*

Måndag var og, som før nemnd, «Lage-Drage-Dagen». Då skulle alle patruljane i heile leiren lage kvar sin drage og sende han opp klokka tre på ettermiddagen. Målet var å ha 1'000 dragar i lufta samtidig. Noko som for øvrig ikkje skjedde....

**Tysdag 7. juli:** Klokka 07.30. var det, som alle andre dagar, morgonbøn for dei som ville stå opp tidleg. Så var det frukost, inspeksjon og bibeltid før haikforberedelsane byrja. I dag skulle halve leiren på haik, og det tydde masse stress hit og dit for å hente mat og drikke, skaffe postvaktar og haikehefte. Men dei fleste kom seg no avgarde til rett tid likevel.

Det var og ekstra mykje oppstyr i dag, avdi det og var LPK-haik.

(LPK står for LandsPatrulje-Konkurransen) LPK er ein konkurranse som går over eit heilt år, og vert avslutta på landsleir. Patruljar frå heile landet deltek, men det var berre Dale 1 som deltok frå Vaksdal kommune. Dei gjorde det til gjengjeld veldig bra, og kom på 16. plass.

**Onsdag 8. juli:** Dagen starta som vanleg, og forløp «smertefritt» heilt til ut på ettermiddagen. Det var meininga at jentene våre ikkje skulle gå på haik sidan vêret var grått og kaldt. Men då veret klarna, og leirleinga sette i gang tiltak for å få alle patruljar ut på haik, vart det til at dei rusla avgarde utpå kveldinga. Vêret var bra då dei før avgarde, men dei hadde ikkje før funne liggjeplassen sin, før regnet hadde trengt

gjennom alle lag, og alle soveposar var søkk våte. Så dei braut opp, midt på natta, og gjekk heim att til leiren. Der fekk dei låna seg ulltepper og la seg til å sova. Og meir såg me ikkje til dei før halve torsdagen var gått...!

Men medan dei to patruljane våre var på haik, hadde me som var att i leiren venskapsleirbål med Lone 1, Dale 1, 1. Nordås, 1. Laksevåg og 41. Bergen. Ein relativt bra erstatning for haiken....

**Torsdag 9. juli:** Som før nemnd kom jentene våre tidleg heim frå haiken, i regnver. Så utsikten til dagen var heller dårlege. Men humøret steig med skyene, og ved middagstider letta skodda som hadde hengt over leiren alle dei første dagane. Så til konserten med Stavanger Gospelkor på kvelden var veret tørt, og tilnærma varmt (!!), og me hadde fått tørka det meste av vått tøy og våte soveposar.

Om kveldane var det RR'kro, Leiarkro og PF'kro (PF uttales som peff, of tyder PatruljeFørar) i nokre av dei store telta i utkanten av leiren. Dette var flotte sosiale tiltak som skapte venskap og samhold mellom dei «like-sinna».

I dag var det eiga nattverdsgudsteneste for RR'ane i RR'teltet. Men det var og «vanleg» nattverdsgudsteneste kvar kveld. Desse var frivillige, og fann stad i leirkapellet. Noko alle burde fått med seg....

**Fredag 10. juli:** Og i dag var det aktivitetar for alle patruljane. Programmet som var lagt opp for dei yngste var forresten veldig

bra på denne leiren, og ei fekk utfalda alle sine evner og interesser.

Dette var den siste dagne vår her, og me nytta han så godt som råd var. Leiren vart riven på rekordtid, og telta pakka saman på «no time». Berre det store sekstenmanns-teltet stod att til laurdagen. For ein plass måtte me jo sova. Så då stuva me alle inn i dette eine teltet. Og så vidt eg veit, var et ingen som klaga over kulde eller lite søvn den natta!

Så neste dag var det berre å rive opp teltploggane, putta teltet inn i trekket sitt (noko som var lettare sagt en gjort), og sende det avgarde saman med resten av bagasjen.

**Laurdag 11. juli:** Leiren vart formelt avslutta på det noko triste leirbålet kvelden i førevegen, men dette var likevel dagen for avskjedar og helsingar. Og når alle skal seie hade' til alle, tek det forståeleg nok si tid! Noko som gav utslag på avreisetida til fleire av bussane...

Me har no prøvd å få fortald dei viktigaste som skjedde på Landsleiren-98. Det skjedde mykje som me ikkje har teke med her, me kan blandt anna nemna turneringar i både volleyball, kanonball og mjølkespann kasting, forskjellige PF' og RR' aktivitetar, trekamp og bading. Men hadde me fortalt alt, hadde det ikkje vore noko att for speidarane sjølv å fortelja, eller for yngre speidara å vera spente på!

På trass av mangel på elektrisk straum og varmt vatn, trur eg ikkje det var mange som lengta



heim. dei aller fleste fann den trøysta og støtta dei trengde hjå vener, og i det spesielle fellesskapet ein finn på speidarleirar som denne. Så slapp av, alle speidarforeldre! Borna dykkar har vore eksemplariske og kjempeflinke!

Og me vil med dette ynskje dykk velkomne til eit besøk på neste speidarleir!

**Elisabeth Tveit og Ragnhild Lakang Nordmark, Vaksdal 1.**

Kristine Faugstad, fv. og Marthe Njåstad er einige om at det er vel tidleg å stå opp.



Gruppeleirbål er populært. Til høgre er kjende og ukjende samla.

Foto: Kristine Faugstad



## Om bålet

Om bålet vi sitter,  
 mens flammene slikker  
 og hjertene tikker  
 lik klokker som går.  
 Vi er alle unge,  
 og nå vil vi sjunge  
 Mens hjertenes strenge  
 som klokkespill slår.  
 Tralala la lala,  
 Vi er alle unge  
 og nå vil vi sjunge  
 Mens hjertenes strenge  
 som klokkespill slår



## Fitjavass-stemne 1998

Stemna ved Fitjavatnet mellom Vaksdal og Samnager har vore årvisst gjennom mange år. Dei siste 16 åra omtrent, har det vore gudsteneste der prestane frå Vaksdal og Samnanger har hatt gudsteneste anna kvar gong.

Me vil ta med noko som Britt Haukanes skreiv på kyrkjesida i Samningen 26. juni 1997.

*«Det er søndag og stemnedag. Skodda heng tung over fjelltoppane og regnet silar. Nokre oljekledde tøf-fingar er likevel på veg opp mot Nordviksætra. Nokre har overnatta på hytter og sæterbuer i området. Andre har streva seg opp frå bygda. -Det er godt koma seg ut, same kva vér det er, smiler ei eldre dame. Men det fell nokre kommentarar om vèrmeldingsfolka som lovde solskin dagen før....*

*Heldigvis har me «bedehuset», ei bu som var sett opp for slike stemnedagar. Her har me i alle fall tak over hovudet, om det nok hadde vore yn-skjeleg med ein omn for dei våte tur-gåarane på så sure dagar. Eit bord tener som altar. Benkar fyller rommet, og nye stemnedeltakarar vert tekne mot med smil og velkomstord. Til slutt er det over tjue benka i den vesle bua.*

*Slik kan det vera i regnvér. Har me sol samlast me på sætervollen, over hundre har det vore dei to siste åra.*

*Det er litt usikkert kva tid det heile tok til, men eit ektepar som vart vigde sommaren 1903, var på stemne søndagen etter bryllupsdagen sin. Så her er det snakk om ein snart hundreårig tradisjon.»*

## 1998

Søndag 14. juni 1998 var me atter samla ved Fitjavatnet. Véret var ikkje det aller beste, men me var så mange at me måtte vera ute sjølv om

regndråpane kom ned til oss.

Ein heil flokk var samla. Mellom dei var det mange speidarar frå Vaksdal som hadde lege ute natta før stemnet.

Dette året var det Vaksdal som stod for presten. Frode Kvamsøe heldt gudstenesta, der han preika ut frå Luk. 12 om den rike bonden som samla seg skattar på jorda og ikkje i himmelen.

## Mat, drikke og konsert

Etter gudstenesta gjorde det godt å få varm kaffi, skjever og varm saft. Praten gjekk livleg rundt på sætervollen mellom folk frå Vaksdal og Samnanger.

Til slutt fekk me ein minikonsert

ved kantorane frå Samnager, Anne-Lise og Eilert Tøsse. Deira gitar- og fløytespel vermdde også i det heller grå véret.

Så det var glade og lukkelege stemnedeltakarar som tok på heimattvegen til Vaksdal og Samnanger denne søndags ettermiddagen.

For underteikna var det første gongen og det vert nok ikkje den siste.

**Ragnvald Kringlebotten**



Olav Gammersvik fv., Gerd Gammersvik, Eli Kringlebotten, Solveig Røen og Erna Tolås koste seg på Fitjavass-stemnet.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Speidarar frå Vaksdal var også med på Fitjavass-stemnet etter at dei hadde overnatta ute like ved stemneplassen.  
Foto: Ragnvald Kringlebotten



Britt Haukanes kalla saman til gudsteneste med klokkeklang.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Anne-Lise og Eilert Tøsse som er kantorar i Samnanger gav oss ein minikonsert etter matpausen.

Foto: Ragnvald Kringlebotten

## Dalastemna 1998

Etter oppmoding frå fleire hald, ville me i år prøva å ta oppatt den gamle tradisjonen med dalastemne.

Sundag den 26. juli var den fastsette datoen for stemna.

Den første dalastemna me har skriftlege referat frå, var 19. juli 1942. Det var lærar i Modalen, Lars Bjørgo, som gjorde opptaket til den første stemna. Han tok kontakt med Asmund Lavik i Eksingedalen, og saman fann dei ein høveleg plass ved Storvatnet, ved den gamle ferdavegen mellom Farestveit og Flatekval.

Dit skulle folk frå Eksingedalen og Modalen gå denne sundagen i juli 1998. Véret var det store spørsmålet. Heile laurdagen hølja regnet ned, så det såg «spøkje» ut for stemna. Sundagsmorgonen var det gråvær, og skodda låg nedover fjellsidene. Ikkje noko ideelt, men då meteorologen lova betre vær utover dagen, vart det bestemt at turen skulle gå som avtalt.

På Farestveit hadde 17 menneske møtt fram, unge og eldre.

Me starta med friskt mot, og fylgjet arbeidde seg oppover lia mot Todalstølen. Etter nesten 2 timar var alle komne opp til Todalstølen, og no vart terrenget flatare. Véret var framleis grått, med litt skoddeyr innimellom.

Me kom fram til Storvatnet, og dei fyrste i fylgjet fann plassen dei meinte var den gamle stemnestaden. Men mot oss kom fylgjet frå Eksingedalen, og dei meinte stemnestaden låg ved kommunegrensa mellom Modalen og Vaksdal. Etter litt diskusjon vart me einige om å gå dit, og no var 28 menneske samla, 11 frå Eksingedalen og 17 frå Modalen.

Eldst i laget var Maria

Farestveit frå Modalen, snart 78 år gamal. Kari Nese frå Eksingedalen var eit år yngre. Dessutan var 75-årige Nils Nesheim frå Flatekval med. Desse tre var sprekare enn mange av dei yngre.

Den yngste i laget var Elise Askeland Farestveit, 6 år.

## Gudstenesta

Det medbrakte korset vart sett ned i bakken ved ein stein som skulle utgjera talarstol, og like eins flagget.

No kunne gudstenesta ta til, og klokkar Siv-Aina ringde saman med medbrakt klokke. Sokneprest Kvamsøe frå Vaksdal heldt gudstenesta. Han hadde utstyrt bibelen med plastovertekk, slik at den ikkje skulle verta våt. Men då me hadde sunge første songen, braut sola gjennom skydekket, og dei tunge skoddeskyene trekte seg unna. Ei helsing frå Vår Herre sjølv, slik opplevde mange det.

Me fekk sitja og nyta den gode solvarmen, og turka oppatt fuktige klær etter turen oppover i skoddeyr.

Kvamsøe tala over dagens preiketekst frå Matt. 10, 28-31, om Guds omsorg for menneska, og me song «Ikke en spurv til jorden».

## Mat og drikke

Etter gudstenesta kom matpakkar og termokanner fram, og no gjorde det godt med mat og drikke.

Aage Lavik hadde funne fram

nokre gamle referat frå dei første dalastemnene frå åra 1942-1952.

Svært mange menneske deltok på desse stemnene. Songkor og musikklag var med, og prestar og predikantar.

Det var kjærkomne høve til å treffast for folk frå dei to bygdelaga, samlast om Guds ord, og nya oppatt kjenskap og venskap.

Under krigen var stemnene ein trygg og fri samlingsstad under Guds høge himmel.

Aage Lavik hugsa særleg matøktene godt. Kaffien vart kokt på bål, og folk kosa seg lenge og vel.

Det var vanleg at stemnene varde heile dagen, og det var både føremiddag- og ettermiddagsmøte.

Slik var det før. Denne dagen vart det ikkje stogga så lenge. Me song nokre songar i lag, ordføraren i Modalen kom med ei helsing, og leiar i soknerådet i Modalen avslutta med å minna om krossen, som eit sigersmerke for kristne. Han viste til flagget vårt, og til trekrossen som var plassert saman med flagget.

Etter eit par timar byrja folket på heimvegen. No var det fint, lettskya sommarvær og me tok det med ro nedetter i den fine naturen. På stølen hjå Olaug og Arthur gjekk kyrne, der var det berre rjomekolla som mangla.

Før med skildest, vart me einige om å samlast til ny stemne neste år, tredje sundagen i juli.

Sigrun Dale




Siv-Aina Gullbrå ringjer ut etter gudstenesta. Frode Kvamsøe heldt preika.

Foto: Anne Margrete Eikefet



Dei tre eldste på Dalastemnet var fv. Kari Nese, 77 år, Maria Farestveit, 78 år og Nils Nesheim 75 år.

Foto: Anne Margrete Eikefet



Aage Lavik refererte frå dei første stemnene.

Foto: Anne Margrete Eikefet

ALT I KJØKKENINNREDNING

BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE

**SNEKKER  
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

Trelast og byggevarer

 **DALE TRELAST** O/S

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5280 Dalekvam

Nye Dale  
**VERTSHUS**

**5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40**

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.



**DALE HANDELSFORENING**

avd. Dale 56 59 61 01  
Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02  
Avd. Stanghelle 56 59 50 35



**PETERSEN & YPSØY AS**

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping  
Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell - Leiker - Hobby - Foto  
i 2. høgda Dale Handelsforening  
tlf. 56 59 79 80




**DALE BILAS**

TLF 56 59 60 89 - FAX 56 59 60 04  
BOKS 124 - 5280 DALEKVAM

Kafe Dale - 56 59 60 90  
Kiosk - Stanghelle - 56 59 53 33

Me leverer:

\* Kaldtbord \* Snittar \* Pizza  
Be om forslag/Pris




**SEKKEVED - BJØRK**

Leverar på huset i heile Vaksdal  
40 l - 60 l sekk, 20 cm (kamin)  
eller 30 cm (peis/omn).

Utfører også grunnarbeid, muring og mindre  
veganlegg m.m.

**Tlf. 56 59 58 11**

**Aage Lavik.**



## Orgelkonsert i Dale kyrkje

*Spennande og utfordrande for lyttar og utøvar vert det fredag 18. september. Dale kyrkje sine Steinmeier-orgelpiper møter då utfordrande tonar frå pipene i det gamle orgelet i Vaksdal kyrkje!*

Det er den nye kantoren Olav Arne Steinkopf som held konsert i Dale kyrkje. Han framfører mellom anna eit verk av Egil Hovland. Dette er skrivi i ein periode der mange eksperiment vart teke i bruk, mellom anna bruk av lause orgelpiper. Og det er desse kantoren har lånt med seg nokre av frå det gamle orgelet i Vaksdal kyrkje. Dette er eit spennande verk som nok ikkje er så ofte å få høyre.

Gjennom Max Reger sine stor romantiske verk kan både organisten og orgelet få vist sine store kunstneriske sider, der dei enorme kontrastene står i sentrum.

Olav Arne Steinkopf er ein allsidig musikal som har arbeida innanfor fleire genre, mellom anna jazz, pop og rock. Han er oppteken av å få musikken til å svinge, og å nå sitt publikum. Steinkopf si fortid som trommeslagar gjer seg gjeldande når han framfører Bach sine trionsater. Desse verka er enkle å lytte til. Likevel er dei kanhende det mest krevande orgellitteraturen har å by på.

Kantor Olav Arne Steinkopf har studert med ulike professorar i både inn og utland. Han har halde fleire konsertar rundt om i landet, og utfordringane fortset. Veka etter denne konserten held han konsert i Bergen domkirke.

T.S.Ø.S

## Celebert besøk i Vaksdal kyrkje

*Martin Petzold* er i dag ein av dei mest etterspurde tenorsongarar i Tyskland, særskilt når det gjeld musikk av J. S. Bach. Han har halde konsertar over store delar av verda mellom anna i USA og Japan.

Tysdag 6. oktober kan med få oppleve han på konsert i Vaksdal kyrkje. Då saman med organisten *Karstein Askeland* som og har ei omfattande konsertverksemd bak seg. På repertoaret denne kvelden står songar og orgelverk av mellom anna Bach og Mendelsohn.

Med desse kreftene vil me få ein flott konsertoppleving denne tysdagen!

O.A.S


## SLEKTERS GANG

### DØYPTE STAMNES

19.07 Cecilie Helen Nilsen

### NESHEIM

28.06. Hanna Tollefsen



### VIGDE VAKSDAL

01.08 Elisabeth Faugstad og Kjartan Gullbrå

15.08 Kjersti Flåm og Bjørn Øyvind Krogsrud

### STAMNES


05.07. Julie Elvick og Joe Mejia Jr.



25.07 Ane Laastad Dyvik og Bjarte Haugstvedt  
15.08 Ellen Leiren og Otto Inge Tyssebotn  
11.07 Anita Stusdal og Bjørn Arvid Ekse, vigde i Vike kapell

### DALE

15.08. Lisbeth Skorpen og Birger Johannes Kvamme. Velsigning av ekteskapet.



### AVLIDNE

#### DALE


12.06 Arne Samuelsen, f. 1933  
16.06 Jørgen Forthun, f. 1910  
18.06 Birgit Olsen, f. 1918  
28.06 Mary Dankertsen, f. 1924  
23.07 Margit Vaksdal, f. 1915

### VAKSDAL

07.07 Johannes Johannessen Boge, f. 1910  
10.07 Benny Aagot Amundsen, f. 1915  
12.07 Ovald N. Sæterdal, f. 1911

### STAMNES

28.06 Ester Kallestad f. 1922



Returadr.:

Vaksdal kyrkjeblad

Postboks 113, 5280 Dalekvam

### Velkomen til kyrkje



#### 6.sept. 14.søndag etter pinse

STAMNES kl.11.

Familiegudsteneste

Søndagsskulens Dag. Dyrhol

DALE kl. 18. Kvamsøe

Konfirmant-presentasjon.

#### 13.sept. - 15.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe.

Nattverd. 50-års konfirmantar.

EKSINGEDALEN kl.11. Dyrhol.

Konfirmantane deltek.

#### Fredag 18.september

DALE kl.19.30 Orgelkonsert v/kantor Olav Arne Steinkopf.

#### 20.sept. - 16.søndag etter pinse

DALE kl.11. Larsen. Nattverd. Offer til Norsk Lærarakademi.

EIDSLAND kl.11. Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon. Offer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag.

BERGSDALEN kl.16. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den Norske Santalmisjon.

#### 27.sept. - 17.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11. Dyrhol. Hausttakkefest. Nattverd.

STAMNES kl.11. Kvamsøe. Offer til Norsk Lærarakademi. Konfirmant-presentasjon.

NESHEIM kl.11. N.A.Lavik. Nattverd. Offer til Norsk Lærarakademi.

#### 4.oktober - 18.søndag etter pinse

DALE kl.11. Kvamsøe. Hausttakkefest. Offer til Søndagsskulen. Utdeling av «Vener i kyrkja».

#### Tysdag 6.oktober

VAKSDAL kl.19.30 Konsert med Martin Petzold - tenor og Karstein Askeland - orgel

#### 11.oktober - 18.søndag etter pinse

STAMNES kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Fredagskaféen (lokalt ungdomsarbeid).

#### Fredag 16.oktober

BERGSDALEN kl.20. Salmekveld.

#### Laurdag 17.oktober

EKSINGEDALEN kl.16. Salmekveld.

#### 18.oktober - 20.søndag etter pinse

DALE kl.11. Kvamsøe. Nattverd. 50- og 60-års konfirmantar. Offer til Dale sokneråd.

BERGSDALEN kl. 11. Gudsteneste. Dyrhol. Offer til Nordhordland Indremisjon. VAKSDAL kl.19. Salmekveld.

## KONSERTAR OG SALMEKVELDAR

No er dei nye kantorane, Tone Synnøve Øygard Steinkopf og Olav Arne Steinkopf, i fullt arbeid i kyrkjelydane våre. Dei har lagt opp program for hausten med konsertar og salmekveldar. Den fyrste har alt vore. 9. august hadde dei ein kammerkonsert i Bergsdalen kyrkje saman med Ragnar Takvam på fiolin.

Orgelkonsert i Dale kyrkje  
Fredag 18.september kl.19.30  
ved Olav Arne Steinkopf.

Musikk av komponistane  
Hovland, Reger, Bach  
og Franck.

Konsert i Vaksdal kyrkje  
Tysdag 6.oktober kl.19.30

Martin Petzold - tenor  
Karstein Askeland - orgel

I oktober vert det nye salmeboktillegget - Salmar 97 - presentert ved salme-kveldar i tre av kyrkjene.

#### SALMEKVELDAR

Fredag 16.10 kl. 20. i Bergsdalen  
Laurdag 17.10 kl. 16. i  
Eksingedalen  
Søndag 18.10 kl. 19. i Vaksdal

Orgelkonsert i Dale kyrkje  
Fredag 23.10 kl.19.30  
«Den Norske Orgelduo»  
Stig Wernøe Holter og  
Stein Johannes Kolnes



18. september og 23. oktober vert det orgelkonsert i Dale kyrkje.

Foto: Ragnvald Kringlebotten